



Saksframlegg

Søknad om tilskot solceller på fjøs

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Søknad om tilskot frå næringsfondet - Haflingerhoff Fyresdal DA - solceller på fjøs

Bakgrunn for saka:

John Bras og Dorine Mulder kjøpte tomt på Haasum i 2005 og har bygd seg opp eit bruk der. Etter ein periode med hest og med ammekyr har dei no landa på mjølkeproduksjon og har bygd ut fjøset med mjølkerobot. Dette er ei viktig satsing i produksjonsapparatet for å sikre ei kvote som er berekraftig for gardsbruket.

Haflingerhoff har tidlegare motteke støtte til både mjølkekvoter og tilskot til driftsbygning;

- ✓ Mjølkekvote: 90 000 kroner vart løyva frå Næringsfondet 11.09.2024
- ✓ Tilskot driftsbygg: 50 000 kroner frå Næringsfondet 10.12.2021
- ✓ Tilskot flaskemjlk: 50 000 kroner vart løyva frå Næringsfondet 10.06.2021

No søker Haflingerhoff investeringsstøtte til solceller på fjøstak. Prosjektet har ein totalkostnad på 625 000 og blir grunna med at drivarane ser dette som ei naudsynt investering dersom straumstøtta forsvinn i åra som kjem.

Budsjett	
Eget arbeid	25 000
Solceller	137 022
Festesystem	32 517
Kabel til solceller	50 997
Montering tak	77 417
Invertere	99 119
Ny kabel til Trafo	149 928
El-arbeid	53 000
Total budsjett	625 000

Finansieringsplan	
Egenkapital	180 000
Egeninnsats	25 000
Lån	200 000
Tilskudd Innovasjon Norge	100 000
Tilskudd Næringsfond	120 000
Totale prosjektkostnader	625 000

Eget arbeid vil vere aktivitetar som prosjektering, praktisk arbeid med materiale og noko monteringsarbeid.

Søknaden viser til ei kalkyle, dette er ikkje ei investeringskalkyle men eit budsjett og finansieringsplan som vist over.

Haflingerhoff søker 120 000 kroner i støtte til prosjektet sitt, dette utgjør 19% av totale prosjektkostnader. Trekker ein frå støtta frå Innovasjon Norge (100 000) vil søknadsbeløpet utgjøre nesten 23%.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; strategi for næring og arbeidsliv der det blant anna står som tiltak at Fyresdal kommune skal ta vare på primærnæringane og legge til rette for berekraftige og grønne arbeidsplassar.

Eit eventuelt tilskot kan bidra til å ta vare på landbruk som er primærnæring og eit tilskot for solcelle investering kan og vise til at Fyresdal kommune legg til rette for berekraftige og grønne arbeidsplassar. Slik sett kan ein argumentere for at dette ligg innafor kriteria til Næringsfondet. Det er likevel fleire vurderingar som ligg til grunn for ei slik vurdering og innstilling.

Fyresdal kommune har støtta Haflingerhoff gjennom fleire rundar og har vist vilje til å bidra for berekraftig drift på Haflingerhoff.

Søker viser til at andre kommunar som Vinje og Tokke støttar investering til solcellepanel. Fyresdal kommune har tidlegare ikkje støtta investeringar til solceller for bedriftsmarknaden, delvis fordi Enova har hatt program tilgjengeleg for slike investeringar. Dersom Fyresdal kommune skal endre denne praksisen må det setjast av betydelege beløp til dette fordi det er mange bedrifter som har investert eller planlegg å investere i solcelleanlegg. Nå har ikkje Enova lenger slike program for næringslivet, delvis grunna fordi Enova har endra fokus mot meir innovative og energisparande tiltak. Solcelle-anlegg på takk blir sett på som marknasmodne investeringar og betydning av tilskot er viktigare på andre områder.

Investering i solcellepanel er ei grøn investering og noko som fleire bankar gjer gode vilkår til ved lånefinansiering. I tillegg er det også slik at dei fleste investeringskalkyler viser at ved gode straumprisar kan desse investeringane reknast heim i god tid før levetida på anlegget. Det betyr at dei som investerer i slike anlegg kan potensielt få

fleire år med gratis straum, avhengig av straumpris og storleiken på anlegget. Det er derfor ei investering med relativt låg risiko for den som eig solcelleanlegget. Landbruk og skogbruk kan og søke investering gjennom Innovasjon Norge noko som reduserer risikoen ytterlegare.

Konklusjon:

Kommunedirektøren meiner at eit positivt vedtak her vil skape ein presedens som ein ikkje veit dei økonomiske konsekvensane av. Dersom ein skal innføre eit slikt tilskot til næringslivet må det lages eit regelverk og settast av eigne budsjettmidlar i 2026, noko kommunedirektøren ikkje tilrår.'

Som vurderinga viser så er det låg risiko å investere i solceller på driftsbygninger og Fyresdal kommune har tidlegare ikkje praktisert å støtte næringslivet med slike investeringar. Vi finn ikkje gode argument for gje tilskot til ei slik investering for Haflingerhoff.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Søknaden frå Haftlingerhoff avslås.

Fyresdal kommune gjev ikkje støtte til næringslivet frå næringsfondet til solceller på fjøstak eller anna næringseigedom.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Gerd Straume
	næringssjef